

## Generelle vilkår – Fylkeskulturprisen

Vedtatt av kultur- og folkehelseutvalet i møte 7. juni 2017, sak KF-20/17. Revidert av kultur-, næring- og folkehelseutvalet i møte 11. november 2019.

Fylkeskulturprisen for Møre og Romsdal blir delt ut årleg under opninga av fylkestinget i desember. Prisen er eit diplom og 50 000 kroner.

### Formål

Fylkeskulturprisen for Møre og Romsdal skal heidre stor innsats for kulturlivet i fylket. Prisen skal vere til inspirasjon for aktørar som står sentralt i arbeidet med å halde ved like og vidareutvikle det kulturelle mangfaldet i fylket.

### Generelle vilkår

Prisen kan gå til ein person, gruppe av personar, lag eller organisasjonar som

- høyrer heime i fylket
- har sterk tilknytning til fylket
- viser evne og vilje til å yte aktiv kulturinnsats utover det vanlege
- har talent, viser kreativitet og evne til nyskaping

### Forslag på kandidatar og behandling

1. Fylkeskulturprisen kunngjerast på våre heimesider [www.mrfylke.no](http://www.mrfylke.no), i våre sosiale medium og gjennom våre nettverk.
2. Frist for å komme med forslag er 15. oktober kvart år.
3. Alle forslag på kandidatar skal vere skriftlege og ha grunngiving frå forslagsstillar.
4. Administrasjonen legg fram sak til kultur-, næring- og folkehelseutvalet i november kvart år med ei tilråding på 3 kandidatar utan rangering.
5. Dersom prisen blir gitt til fleire kandidatar er det kultur-, næring- og folkehelseutvalet som avgjer kor stor del kvar kandidat skal få.
6. Det blir ikkje satt særlege vilkår til korleis mottakaren nyttar prisen.
7. Vedtak blir gjort med vanleg fleirtal. Ved likt stemmetal er møteleiaren si stemme avgjerande.
8. I møteprotokollen for kultur-, næring- og folkehelseutvalet skal det berre stå namnet på den eller dei som fleirtalet meiner bør få prisen.
9. Fylkesordførar og leiar av kultur-, næring- og folkehelseutvalet skal saman dele ut fylkeskulturprisen på fylkestinget i desember. Utvalseiar skal grunngje pristildelinga, fylkesordførar skal overrekke prisen.
10. Namnet på prisvinnaren blir gjort kjent så snart som mogleg etter møtet.